



Kva skjer i åra mellom fullført vidaregåande og påbyrja høgare utdanning?

Maj-Lisa Lervåg og Andrine Stengrundet

TALL

SOM FORTELLER

RAPPORTER / REPORTS

2026/11

I serien Rapporter publiseres analyser og kommenterte statistiske resultater fra ulike undersøkelser. Undersøkelser inkluderer både utvalgsundersøkelser, tellinger og registerbaserte undersøkelser.

© Statistisk sentralbyrå

Publisert: 30. april 2026

ISBN 978-82-587-2095-6 (elektronisk)

ISSN 1892-7513 (elektronisk)

Standardtegn i tabeller	Symbol
Ikke mulig å oppgi tall Tall finnes ikke på dette tidspunktet fordi kategorien ikke var i bruk da tallene ble samlet inn.	.
Tallgrunnlag mangler Tall er ikke kommet inn i våre databaser eller er for usikre til å publiseres.	..
Vises ikke av konfidensialitetshensyn Tall publiseres ikke for å unngå å identifisere personer eller virksomheter.	:
Desimaltegn	,

Forord

Formålet med denne rapporten har vore å kartleggje kva som skjer i åra før ein byrjar i universitets- og høgskuleutdanning, blant dei som gjekk ut av vidaregåande med studiekompetanse. Rapporten tek utgangspunkt i elevar som fullførte vidaregåande med studiekompetanse i 2018, og følgjer desse fram til 2024. Kven byrjar direkte i høgare utdanning, kven ventar nokre år og kven byrjar ikkje i høgare utdanning i perioden? Vi gjer ei årleg kartlegging av aktivitetar som betalt arbeid, førstegangsteneste, privatisteksamen, folkehøgskule samt utdanningsaktivitetar på anna nivå. Det vert lagt særleg vekt på dei med sein overgang frå vidaregåande til universitets- og høgskuleutdanning.

Rapporten er skriven av Maj-Lisa Lervåg og Andrine Stengrundet ved Seksjon for utdannings- og kulturstatistikk og er finansiert av Kunnskapsdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 27. april 2026

Ann-Kristin Brændvang

Samandrag

Formålet med rapporten er å gi eit systematisk og kunnskapsbasert bilete av overgangsmønster og aktivitetar i perioden mellom fullført vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Rapporten undersøker kva som skjer i åra før ein byrjar i høgare utdanning, blant dei som gjekk ut av vidaregåande med studiekompetanse. Rapporten tek utgangspunkt i elevar som fullførte vidaregåande med studiekompetanse i 2018, og følgjer desse fram til 2024. Kven byrjar direkte i høgare utdanning, kven ventar nokre år og kven byrjar ikkje i høgare utdanning i perioden? Vi gjer ei årleg kartlegging av aktivitetar som betalt arbeid, førstegongsteneste, privatisteksamen, folkehøgskule samt andre utdanningsaktivitetar. Rapporten følgjer 37 700 ordinære elevar som gjekk ut av vidaregåande opplæring med studiekompetanse i 2018. 98 prosent var 21 år og yngre, og kvinner utgjorde nærare seks av ti av elevane.

Etter oppnådd studiekompetanse i 2018 hadde fire av ti direkte overgang til høgare utdanning, som vil seie at dei byrja i høgare utdanning hausten 2018. Det var mest vanleg med direkte overgang blant elevar som var 22 år og eldre, kvinner, personar med innvandrarbakgrunn, dei som hadde foreldre med utdanning på grunnskulenivå og dei som brukte fleire år på å fullføre vidaregåande. Elevar som fullførte vidaregåande med studiekompetanse på normert tid (3 år) hadde oftare eitt eller fleire års opphald mellom fullført vidaregåande og oppstart i høgare utdanning.

Til og med hausten 2020 hadde 84 prosent av populasjonen byrja i høgare utdanning. Alle som byrja etter dette er rekna å ha sein overgang. Personar med sein overgang til høgare utdanning utgjer 3 150 personar blant dei 37 700 som fekk studiekompetanse i 2018. Ytterlegare 2 800 personar starta aldri i høgare utdanning i måleperioden (2018-2024). I sum betyr dette at det store fleirtalet av personar som går ut av vidaregåande med studiekompetanse ender opp med å starte i høgare utdanning innan sju år etter oppnådd studiekompetanse.

Rapporten følgjer populasjonen for kvar haust dei ikkje hadde byrja å studere. Kartlegginga av hovudaktivitet syner ulike mønstre, til dømes at eldre personar oftare var NEETs (ikkje i arbeid, utdanning eller på arbeidsmarknadstiltak) eller stod i anna utdanning hausten etter oppnådd studiekompetanse samanlikna med yngre personar. Medan førstegongsteneste og folkehøgskule var typiske aktivitetar for mange hausten 2018 og 2019, er det sysselsetting og anna utdanning som var hovudaktivitetane som auka mest i åra etterpå.

Blant dei som venta minst tre år med oppstart i høgare utdanning, var det mest vanleg å sjå kombinasjonar av sysselsetting, førstegongsteneste og privatisteksamen kvar haust. Dette var hovudaktivitetar blant vel ein av tre personar med sein overgang. Blant dei som aldri starta i høgare utdanning i måleperioden, finn vi at 20 prosent var sysselsett hausten 2018, 2019 og 2020.

Det er også skilnadar i hovudaktivitet ut i frå kor sein overgangen til høgare utdanning er. Det var meir vanleg å vere privatist hausten 2021 og 2022, medan dei som hadde overgang til høgare utdanning i 2023 og 2024 oftast hadde sysselsetting som hovudaktivitet året før oppstart, med 61 og 62 prosent. Om vi ser til ei fullteljing av aktivitetar var sysselsettinga høg blant alle med sein overgang, med mellom 75 og 84 prosent sysselsette året før oppstart i høgare utdanning.

Personar med sein overgang søker seg i liten grad inn på høgare utdanning. Av dei som ikkje byrja i høgare utdanning innan hausten 2021, søkte 28 prosent om opptak same år. Delen som søker minkar gradvis kvar haust. Blant dei med sein overgang som byrja i høgare utdanning hausten 2021 og 2022, finn vi at meir enn seks av ti søkte seg inn på høgare utdanning også året før.

Abstract

The purpose of this report has been to provide a systematic and knowledge-based overview of transition patterns and activities in the period between completion of upper secondary education and entry into higher education. The report examines what happens in the years before people begin higher education, among those who completed upper secondary education with a university admission certification. The report is based on students who completed upper secondary education with university admissions certification in 2018 and follows them through to 2024. Who enters higher education directly, who waits a few years, and who does not enter higher education during the period? We conduct an annual mapping of activities such as paid employment, compulsory military service, private candidate examinations, folk high school, and other educational activities. The report follows 37 700 regular students who graduated upper secondary education with university admission certification in 2018. 98 percent were aged 21 or younger, and women accounted for nearly six out of ten.

After obtaining a university admission certification in 2018, four out of ten transitioned directly to higher education, meaning they began in autumn 2018. Direct transition was most common among students aged 22 and older, women, individuals with an immigrant background, those whose parents had only primary-level education, and those who took longer to complete upper secondary education. Students who completed within the normative length of study (three years) more often had one or more years between completion and enrolment.

Up until autumn 2020, 84 percent of the population had begun higher education. Those who started later are considered to have a late transition. This group comprises 3 150 people, while a further 2 800 never entered higher education during the period 2018–2024. Overall, this means that a large share of those who complete upper secondary education with a university admission certification begin higher education within seven years.

The report follows the population for each autumn in which they had not yet started studying. The activity mapping shows different patterns, for example that older individuals were more often NEETs (not in employment, education or training) or engaged in other education the year after completing upper secondary education compared to younger individuals. While compulsory military service and folk high school were typical activities in autumn 2018 and 2019, employment and other education became the most common activities in later years.

Among those who delayed entry by at least three years, combinations of employment, compulsory military service, and private candidate examinations were the most common. These were the main activities among well over one out of three individuals with late transitions. Among those who never started higher education during the observation period, 20 percent were employed in autumn 2018, 2019, and 2020.

There are also differences in main activity depending on how late the transition into higher education is. It was more common to be a private candidate in autumn 2021 and 2022, while those who entered higher education in 2023 and 2024 most often had employment as their main activity the year before starting, with 61 and 62 percent respectively. Overall, employment levels were high among all with late transitions, with between 75 and 84 percent employed in the year prior to enrolment.

People with late transitions show low levels of application to higher education. Among those who had not started by autumn 2021, 28 percent applied that same year, and the share declines gradually over time. However, among those who eventually began higher education in autumn 2021 and 2022, more than six out of 10 had also applied the year before.

Innhald

Forord	3
Samandrag	4
Abstract	5
1. Introduksjon	7
1.1. Datagrunnlag	7
1.2. Populasjon	8
1.3. Viktige omgrep	9
1.4. Oppbygning av rapporten.....	11
2. Kven er elevane?	12
2.1. Kjenneteikn etter startår i høgare utdanning	12
2.2. Skilnadar etter fullføringstid i vidaregåande.....	16
2.3. Byrja dei i yrkesfagleg eller studieførebuande utdanningsprogram?	18
2.4. Er det felles kjenneteikn blant dei med sein overgang?	19
3. Årleg kartlegging av aktivitetar	21
3.1. Er det skilnader i aktivitet hausten 2018 basert på kor lenge ein utset oppstart i høgare utdanning?	22
3.2. Korleis ser aktivitetsvala ut når vi fordeler på kjenneteikn ved populasjonen?	23
3.3. Kva er dei vanlegaste aktivitetane kvar haust?	24
3.4. Felles trekk ved dei med sein overgang til høgare utdanning	25
4. Søkemønster blant dei med sein oppstart i universitets- og høgskuleutdanning	28
4.1. Søkarframferd i åra ein ikkje byrja i høgare utdanning.....	29
4.2. Søkarframferd i åra før sein oppstart i høgare utdanning.....	31
4.3. Skilnadar i søkarframferd mellom dei som byrja i høgare utdanning og ikkje	32
5. Referansar	36
Vedlegg A: Talgrunnlag kapittel 2	37
Vedlegg B: Talgrunnlag kapittel 3	39
Vedlegg C: Talgrunnlag kapittel 4	42
Figurregister	45
Tabellregister	46

1. Introduksjon

Studiekompetanse skal gjere elevane førebudde på å ta høgare utdanning ved universitet og høgskular. Medan nokre byrjar direkte i høgare utdanning etter oppnådd studiekompetanse, er det andre som ventar fleire år med oppstart. Overgangen frå vidaregåande opplæring til høgare utdanning har betydning for studentane sine vidare lærings- og karriereløp, og tidsperspektivet er viktig i denne samanhengen. Noreg skil seg frå mange andre OECD-land ved at ein større del av studentane tek minst eitt friår før studiestart samanlikna med OECD-gjennomsnittet, noko som bidreg til at studentane i gjennomsnitt er eldre ved studiestart (OECD, 2025). Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikk over gjennomføring ved universitet og høgskular viser at dei elevane som er yngre ved oppstart i større grad fullfører (Statistisk sentralbyrå, 2026a).

Det finst fleire moglege årsaker til at nokre vel å utsetje studiestart etter oppnådd studiekompetanse i vidaregåande. Dette kan mellom anna omfatte forbetring av karakterar, opptening av alderspoeng eller at ein tek seg eit friår frå skulegangen, anten ved å ta på seg betalt arbeid, går folkehøgskule, eller gjennomfører førstegongsteneste i militæret. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag om denne overgangsprosessen er det nødvendig å undersøke både kven som ventar med å starte i høgare utdanning, og kva dei gjer i perioden før eventuell oppstart.

Denne rapporten analyserer difor elevar som fullførte vidaregåande opplæring med studiekompetanse i 2018, og følgjer dei i ein periode på sju skuleår etter fullføringa. Analysen kartlegg tidspunkt for overgang til høgare utdanning, kjenneteikn ved dei som ventar fleire år med oppstart, samt aktivitetar i perioden mellom vidaregåande opplæring og studiestart. Aktivitetane omfattar mellom anna søking til høgare utdanning, privatisteksamenar, førstegongsteneste, deltaking i arbeidslivet, folkehøgskule og fagskule. Formålet med rapporten er å gi eit systematisk og kunnskapsbasert bilete av overgangsmønster og aktivitetar i perioden mellom fullført vidaregåande opplæring og høgare utdanning.

1.1. Datagrunnlag

Analysane i denne rapporten byggjer på data frå Nasjonal utdanningsdatabase (NUDB). NUDB er ein forløpsdatabase som samlar all individbasert utdanningsstatistikk i SSB tilbake til 1970 (Statistisk sentralbyrå, 2020). Personar blir registrert i NUDB når dei avsluttar grunnskulen, og databasen inneheld mellom anna informasjon om kurs tatt på vidaregåande nivå, fagskuleutdanning og universitets- og høgskuleutdanning. Vidare inneheld databasen demografiske individ- og familierelaterte opplysningar innhenta frå befolkningsregisteret.

Til rapporten har SSB også innhenta søkartal frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). HK-dir er ikkje ansvarleg for analysen eller tolkingar som er gjort i denne rapporten. Dataleveransen bestod av alle søkarar til høgare utdanning i perioden 2018/2019 fram til studieåret 2024/2025. I datasettet kan ein sjå på detaljar om søkarar i det samordna opptaket samt lokale opptak, og sjå nærare på prioriteringsrekkefølga hjå søkarane.

Data om sysselsetting og status utanfor arbeid, utdanning og arbeidsretta tiltak (NEET) kjem frå statistikken om tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordningar (Statistisk sentralbyrå, 2026b), altså berre dei busette frå System for persondata (SFP) (Fedoryshyn & Nordby, 2020). Det betyr at personane er forventa å opphalde seg samanhengande i landet i minst seks månader, og dermed er registrert i folkeregisteret som busett. SFP er ei samankopling av fleire ulike register over aktivitetar og ytingar, i tillegg til informasjon om sysselsetting. Det er dei endelege tala for 2018–2024 som inngår i denne rapporten. Det betyr at informasjon om sjølvstendig næringsdrivande frå statistikkåret er brukt, i motsetning til frå året før som i dei foreløpige tala og i den registerbaserte sysselsettingsstatistikken (regsys).

Det er frå *regsys* vi hentar informasjon om deltaking i førstegongsteneste (Berge et al., 2023a). Både i SFP og i *regsys* blir uansett arbeidsforhold som vernepliktig prioritert over eventuelle andre registrerte arbeidsforhold som anten lønnsstakar eller sjølvstendig næringsdrivande (Berge et al., 2023b). Det gjer at dei vernepliktige blir talt med som i førstegongsteneste i *regsys*, og som sysselsette i både SFP og *regsys*. I denne rapporten har vi omarbeidd datagrunnlaget slik at personar i førstegongsteneste berre blir rekna som det, og ikkje som sysselsette.

1.2. Populasjon

Grunnpopulasjonen i rapporten består av dei som fullførte vidaregåande opplæring med studiekompetanse innan utgangen av studieåret 2017/2018. For fleirtalet inneber dette at dei fullførte innan sommaren 2018. Merk at denne tilnærminga ikkje er samanliknbar med offisiell statistikk for gjennomføring i vidaregåande fordi man der følger startkull. Populasjonen er avgrensa til ordinære elevar. Til dømes er privatistar, deltakarar i tilbod spesielt tilpassa vaksne, samt dei med individuell opplæringsplan haldne utanfor populasjonen. Dette er gjort for å sikre at vi ser på personar som har eit nokolunde likt utgangspunkt med omsyn til vidare utdanning, og fører mellom anna til at det er svært få personar i dei eldre aldersgruppene i populasjonen.

Måleperiode

Vi følgjer alle personar i populasjonen anten fram til studiestart i universitets- og høgskuleutdanning, eller i maksimalt sju år etter fullført vidaregåande med studiekompetanse. Når ein person først har byrja i universitets- og høgskuleutdanning er dette siste tidspunkt personen vert tald med i analysen. Slik kan vi identifisere kven som har kort overgang, kven som har lengre overgang, samt kven som ikkje byrjar i høgare utdanning innan sju år etter dei fekk studiekompetanse.

Måletidspunkt

Vi ser til aktivitetar kvart år etter oppnådd studiekompetanse, frå 2018 til og med 2024. Måletidspunkt for kvar aktivitet varierer noko, men ligg alle til det aktuelle skuleåret vi ser på. Samlege kjelder er hente frå ulike statistikkar og databasar hjå SSB. Det opphavelge datamaterialet til desse er innhenta frå aktørar som Nav, Utdanningsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse med meir. Dei som var privatistar skil seg noko ut frå dei andre aktivitetane med tanke på måletidspunkt, då vi her ser på eit større tidsrom (eit skuleår). Sjå tabell 1.1 for oversikt over måletidspunkt for den enkelte aktivitet.

Merk at det er fleire ulike måletidspunkt i registera som inngår i SFP, sjølv om dei alle har 4. kvartal som telletidspunkt. Til dømes er populasjonen med dei busette per 30. november, medan måletidspunktet for sjølvstendig næringsdrivande er det heile statistikkåret. Meir om dei ulike måletidspunkta for SFP kan lesast på statistiksida for statistikken om tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordningar (Statistisk sentralbyrå, 2026b). I SFP blir det i tillegg gjort ei prioritering for dei som er aktive i fleire aktivitetar samstundes, slik at kvar person får ein status med dei to høgast prioriterte aktivitetane/yingane (Microdata.no, 2026a). Det er den aller høgaste prioriterte statusen som dannar grunnlag for status som NEET (sjå omgrepsforklaringa i kapittel 1.3).

Tabell 1.1 Måletidspunkt for aktivitetar

Aktivitet	Måletidspunkt, årleg	Kjelde
Førstegongsteneste	Veka i november som inneheld den 16.	Den registerbaserte sysselsettingsstatistikken
Privatist	Avlagt privatisteksamen per skuleår, til dømes 2018/2019	NUDB
Folkehøgskule	1. oktober	NUDB
I anna utdanning	1. oktober	NUDB
Sysselsett	4. kvartal	Statistikken om tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordningar/busette frå System for persondata (SFP)
NEET («not in employment, education or training»)	4. kvartal	Statistikken om tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordningar/busette frå System for persondata (SFP)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

1.3. Viktige omgrep

Utdanningsprogram

Utdanningsprogram er eit samleomgrep på dei ulike utdanningsvala ein tek i vidaregåande opplæring. Det finst ulike trinn i utdanningsprogramma. På Vg1 finst det 15 ulike utdanningsprogram som anten fører fram til studie- eller yrkeskompetanse. Etter fullført Vg1 kan ein velje mellom ulike spesialiseringar fram mot oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Desse ulike spesialiseringane blir kalla programområde.

Programområde

Programområde er nemninga på ei spesialisering innanfor eit utdanningsprogram etter fullført Vg1. For elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram blir det valt eit programområde på Vg2, og så eit nytt programområde på Vg3 som byggjer på programområdet på Vg2.

Studiekompetanse

Studiekompetanse blir oppnådd av elevar som har fullført og bestått eit studieførebuande utdanningsprogram på vidaregåande nivå. Elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram kan også oppnå studiekompetanse gjennom påbygg eller ved at det er ein integrert del av det yrkesfaglege løpet.

Yrkeskompetanse

Yrkeskompetanse blir oppnådd i form av fag- eller sveinebrev, vanlegvis etter at eleven har gått to år i skule og to år i bedrift. Enkelte utdanningsprogram har andre ordningar slik at elevane oppnår fagbrev på eit anna tidspunkt enn det som er vanleg, til dømes etter fire og eit halvt år. Yrkeskompetanse kan også oppnåast etter tre år i skule på yrkesfaglege utdanningsprogram som ikkje er lærefag, og dokumenterast da med vitnemål.

Normert tid

Med normert tid meiner ein den tida eit programområde i vidaregåande opplæring skal gjennomførast på i samsvar med læreplanen for ein heiltidselev. Normert tid svarer vanlegvis til treårig opplæring for elevar og fireårig opplæring for lærlingar (to år i skule og to år i bedrift). Enkelte programområde har ei læretid på to og eit halvt år, og i nokre tilfelle òg tre år, kombinert med to år i skule. Nokre kjem opp i fem års normert tid, det vil seie tre år i skule kombinert med to år i lære.

Meir enn normert tid

Fullføring på meir enn normert tid er når eleven/lærlingen brukar lengre tid enn det som er normert for programområdet, men likevel innanfor den tidshorisonten som gjennomføringstabellane publiserte her viser. Tidshorisonten er fem år for dei som starta på eit studieførebuande

utdanningsprogram med normert tid på tre år, eller seks år for dei som starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Høgare utdanning

Høgare utdanning omfattar utdanningar på universitets- og høgskulenivå som ligger på nivå 6, 7 og 8 i samsvar med Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000).

Innvandrarar

Personar som er busette i Noreg, men som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og har fire utanlandsfødde besteforeldre.

Norskfødde med innvandrarforeldre

Personar som er fødde i Noreg, har to foreldre som er innvandrarar, og fire besteforeldre fødde i utlandet.

Personar med innvandrarbakgrunn

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.

Befolkninga elles

Dei som verken er innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre.

Utdanningsnivå hjå foreldra

Viser til den av foreldra med høgast fullført utdanning.

Kort høgare utdanning

Inkluderer utdanning på universitets- og høgskulenivå på 4 år eller kortare.

Lang høgare utdanning

Inkluderer utdanning på universitets- og høgskulenivå på meir enn 4 år.

Samordna opptak

Samordna opptak er eit offentleg service- og koordineringsorgan for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular i Norge, det vil seie utdanningar som normalt byggjer på vidaregåande opplæring. Det omfattar opptak til nesten alle offentlege universitetet og høgskular og nokre private høgskular. Opptaket gjennom Samordna opptak omfattar heller ikkje masterutdanningar, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), etter- og vidareutdanningar eller samt opptak til enkeltemne.

Hovudopptak

I hovudopptaket i Samordna opptak gis det tilbod om studieplass til kvalifiserte søkarar som fyller opptakskrava. Søkarane har moglegheit til å takke ja eller nei til tilbod om opptak, samt venteliste plass.

Lokale opptak

Lokale opptak skjer ved den enkelte lærestad, kor ein søker om opptak direkte gjennom lærestaden sitt eige opptakssystem. Opptak ved dei fleste private høgskular, og nokre få offentlege høgskular, skjer gjennom lokale opptak. Lokale opptak omfattar både grunnutdanningar og masterutdanningar. Lokale opptak ved offentlege universitet og høgskular omfattar berre opptak til masterutdanningar, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), etter- og vidareutdanning samt opptak til enkeltemne.

Syssette

Syssette er personar som har utført inntektsgjevande arbeid (minst éin time) i løpet av referansetidspunktet, eller personar som har eit slikt arbeid, men som var midlertidig fråverande (til

dømes på grunn av sjukdom, ferie, arbeidstidsordning eller lønna permisjon). Sysselsette omfattar både lønnstakarar, frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande. Det inkluderer personar som er

- inne til førstegongs militær- eller sivilteneste
- på sysselsettingstiltak med lønn frå arbeidsgivar
- på ulønna permisjon eller permittering med forventa varigheit på under 90 dagar
- lærlingar

Sysselsettingsdefinisjonen dekkjer både heiltids-/deltidsarbeid samt faste og midlertidige stillingar.

NEET

NEET er ei forkorting for «not in employment, education or training». Personar blir rekna som NEET dersom dei er 15–29 år og står utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak. For å klassifisere personar som NEET, blir det først laga ein status med dei to høgast prioriterte aktivitetane/yttingane for dei som er aktive i fleire aktivitetar samstundes (Microdata.no, 2026a). Det er den aller høgaste prioriterte statusen som deretter blir gruppert i større samlekategoriar, før NEET blir definert som ei restgruppering av dei som ikkje er sysselsette, under ordinær utdanning eller deltakarar på arbeidsmarknadstiltak (Microdata.no, 2026b):

- registrerte arbeidsledige
- mottakarar av arbeidsavklaringspengar
- mottakarar av uføretrygd
- andre ordningar
- ukjend status

Mange mottakarar av arbeidsavklaringspengar er registrert med nedsett arbeidsevne hjå Nav. Prioriteringa av status gjer at personar som er registrert både med «Nedsett arbeidsevne, på tiltak» og «Arbeidsavklaringspengar» i statistikken, vil ha førstnemnde som prioritert status, og dermed bli rekna som deltakarar på arbeidsmarknadstiltak og ikkje-NEET. Personar som er registrert med «Nedsett arbeidsevne, ikkje på tiltak» og «Arbeidsavklaringspengar» vil derimot ha mottak av arbeidsavklaringspengar som prioritert status, og dermed vere del av NEET-gruppa (Statistisk sentralbyrå, 2026b).

Førstegongsteneste

Førstegongsteneste er den obligatoriske militære tenesta unge gjennomfører i Forsvaret etter innkalling, vanlegvis i ein avgrensa periode.

Privatist

Personar som melder seg opp til eksamen i eit fag utan å følgje ordinær undervisning i vidaregåande skule. Privatistar som ikkje har møtt opp til eksamen, er ikkje inkluderte.

1.4. Oppbygning av rapporten

I kapittel 2 av rapporten ser vi på kjenneteikn blant grunnpopulasjonen, det vil seie elevane som fekk studiekompetanse i skuleåret 2017/2018. I kapittel 3 følgjer vi overgangen til høgare utdanning, og får oversikt over kven som har kort og lang overgangstid til universitets- og høgskuleutdanning. Her nyttar vi kjenneteikn ved utdanningsløpet, personlege kjenneteikn samt detaljer rundt kva aktivitetar den enkelte har delteke i når dei ikkje har starta i høgare utdanning. I kapittel 4 ser vi på trendar i søkartal opp i mot dei som har sein overgang frå vidaregåande til høgare utdanning.

2. Kven er elevane?

37 668 personar fullførte vidaregåande med studiekompetanse i skuleåret 2017/2018. Desse personane utgjer grunnpopulasjonen i rapporten, og vi vil følgje desse fram til hausten 2024. Før ein ser på kva val personane tok i åra etter oppnådd studiekompetanse, kan det vere nyttig å kjenne til korleis gruppa er sett saman.

Tabell 2.1 viser fordelinga av elevane etter sentrale kjenneteikn. Hugs at populasjonen er avgrensa til personar som er registrerte som ordinære elevar, og at det difor er svært få i dei eldre aldersgruppene som er inkluderte. Til eksempel er privatistar, deltakarar i tilbod spesielt tilpassa vaksne, samt dei med individuell opplæringsplan haldne utanfor populasjonen.

Av dei som fekk studiekompetanse i 2017/2018, var det ei overvekt av kvinner (58 prosent). Heile 98 prosent av personane i populasjonen var 21 år og yngre når dei fekk studiekompetanse. Det finst altså nokre godt vaksne personar som fullførte vidaregåande med studiekompetanse som ordinære elevar, men dei over 25 år utgjer berre ein halv prosent av populasjonen.

I underkant av 7 prosent var innvandrarar, og 5 prosent var norskfødde med innvandrarforeldre. Seks av ti hadde foreldre med høgare utdanning, og 31 prosent hadde foreldre med vidaregåande utdanning som høgaste utdanningsnivå.

Tabell 2.1 Oversikt over kjenneteikn ved personar som fekk studiekompetanse i 2018

	Tal	Prosent
I alt	37 668	100,0
Kjønn		
Menn	15 823	42,0
Kvinner	21 845	58,0
Aldersgruppe¹		
19 år og yngre	33 281	88,4
20-21 år	3 688	9,8
22 år og eldre	699	1,9
25 år og eldre	199	0,5
Innvandringskategori²		
Befolkninga elles	33 191	88,1
Innvandrarar	2 518	6,7
Norskfødde med innvandrarforeldre	1 957	5,2
Utdanningsnivå hjå foreldra		
Lang høgare utdanning	7 839	20,8
Kort høgare utdanning	15 939	42,3
Vidaregåande utdanning	11 657	30,9
Grunnskule	1 852	4,9
Uoppgitt/ukjend	381	1,0

¹ Alder er berekna til utgangen av 2018 (31.12.2018).

² 2 personar er haldne utanfor fordelinga på innvandringskategori grunna manglande opplysningar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

2.1. Kjenneteikn etter startår i høgare utdanning

Det kan gje meirverdi å samanlikne kjenneteikn ved elevane når vi ser til ulike val dei har tatt i tida etter oppnådd studiekompetanse i skuleåret 2017/2018. Lat oss først sjå på korleis populasjonen fordeler seg mellom dei ulike startåra i universitets- og høgskuleutdanning.

Tabell 2.2 viser at det vanlegaste valet er å starte i universitets- og høgskuleutdanning raskt etter fullført vidaregåande med studiekompetanse, då heile 39 prosent hadde direkte overgang frå vidaregåande til høgare utdanning påfølgjande haust (2018). Ytterlegare 30 prosent venta eitt år med oppstart i høgare utdanning (2019).

I underkant av 8 prosent var aldri registrert i universitets- og høgskuleutdanning i måleperioden (2018-2024). Det er interessant å sjå på skilnadar i kjenneteikn mellom dei med ulike startår i høgare utdanning, noko som følgjer i dei komande figurane. Merk at måletidspunktet er 1. oktober, og at studiar tekne om våren difor ikkje er inkluderte. Meir om måletidspunkt kan lesast i kapittel 1.2.

Tabell 2.2 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kva år dei starta i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester).

	I alt	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024 utdanning	Starta ikkje i høgare
Tal	37 668	14 590	11 323	5 815	1 711	803	370	242	2 814
Prosent	100	38,7	30,1	15,4	4,5	2,1	1,0	0,6	7,5

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Oftare direkte overgang blant kvinner

Kvinnene hadde oftare direkte overgang enn menn, der 41 prosent av dei kvinnelege elevane som fekk studiekompetanse byrja direkte i universitets- og høgskuleutdanning hausten 2018. Delen med direkte overgang for menn var på 35 prosent. Skilnadane mellom menn og kvinner kan moglegvis skuldast gjennomføring av førstegongsteneste (sjå tabell 3.4).

Mønsteret i figur 2.1 snur frå og med hausten 2020, altså to år etter oppnådd studiekompetanse. Då er det ein større del av dei mannlege elevane som startar i høgare utdanning etter minst to års opphald. Figuren viser tal berekna for menn og kvinner som eigne grupper, og er difor ikkje påverka av at menn samla sett utgjør ein mindre del av populasjonen (42 prosent av dei som fekk studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 var menn).

Medan ein av ti menn i populasjonen ikkje byrja i høgare utdanning i måleperioden (2018-2024), gjaldt dette i underkant av 6 prosent av kvinnene. Samla sett betyr dette at det store fleirtalet av elevar som går ut av vidaregåande med studiekompetanse byrjar i høgare utdanning innan tre år etter oppnådd kompetanse. Innan to år etter oppnådd studiekompetanse har dei fleste byrja i høgare utdanning, med 84 prosent av populasjonen som heilskap.

Figur 2.1 Kjønn blant personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kva år dei starta i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)




Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A1 for talgrunnlag.

Yngre personar ventar oftare med oppstart

Dei som er litt eldre når dei oppnår studiekompetanse, går oftare rett vidare til høgare utdanning enn dei yngste. Blant dei som var 22 år og eldre i 2018, hadde over halvparten (54 prosent) direkte overgang, mot 38 prosent blant dei som var 19 år og yngre. Samstundes ser vi at skilnadene også går i motsett retning: Dei eldste er òg gruppa der flest aldri byrjar i høgare utdanning, med to av ti. Blant dei yngste gjeld dette berre 6 prosent. Dette tyder på at dei yngste i større grad utset studiestarten, heller enn å la vere å ta høgare utdanning. Mange byrjar først eitt eller to år seinare, til dømes hausten 2019 eller 2020.

Figur 2.2 Alder blant personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kva år dei starta i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)




Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A1 for talgrunnlag.

95 prosent av norskfødde med innvandrarforeldre byrjar i høgare utdanning

Når vi ser på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre, er det tydeleg at desse i langt større grad har direkte overgang frå vidaregåande til høgare utdanning, samanlikna med befolkninga elles. Skilnaden mellom befolkninga elles og innvandrarar i delen som har direkte overgang er på heile 20 prosentpoeng. Samstundes er det ein klart større del i befolkninga elles som ventar både eitt og to år med oppstart i høgare utdanning, med nærare halvparten (48 prosent).

Blant innvandrarar finn vi også den høgste delen som ikkje har byrja i universitets- og høgskuleutdanning i måleperioden (10 prosent), samanlikna med både befolkninga elles og norskfødde med innvandrarforeldre. Forskjellen mellom gruppene er likevel klart mindre enn når vi skil på for eksempel alder (figur 2.2). Norskfødde med innvandrarforeldre har lågast del som aldri byrjar i universitets- og høgskuleutdanning, med i underkant av 5 prosent.

Figur 2.3 Innvandringskategori blant personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kva år dei starta i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)


Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A1 for talgrunnlag.

Utdanningsnivå hjå foreldra

Figur 2.4 viser utdanningsnivå hjå foreldra, og syner eit interessant mønster. Størst del med direkte overgang frå vidaregåande til høgare utdanning finn vi hjå elevane med foreldre som har utdanning på grunnskulenivå. Her valte heile 48 prosent å starte i høgare utdanning den påfølgande hausten etter å ha oppnådd studiekompetanse. Merk også at elevane som har foreldre med utdanning på grunnskulenivå også er størst i motsett ende av skalaen, der heile 13 prosent aldri byrja i universitets- og høgskuleutdanning i måleperioden.

Delen med direkte overgang er nokolunde jamn mellom dei andre utdanningsnivåa, og spenner frå 37 til i underkant av 40 prosent. Størst del som ventar eitt år med oppstart i høgare utdanning (2019), finn vi blant dei som har foreldre med lang høgare utdanning. Heile 97 prosent av dei som hadde foreldre med lang høgare utdanning byrja i universitets- og høgskuleutdanning i perioden.

Figur 2.4 Utdanningsnivå¹ hjå foreldra blant personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kva år dei starta i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)



¹ Tal for dei med ukjend utdanningsnivå er haldne utanfor figuren.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A1 for talgrunnlag.

2.2. Skilnadar etter fullføringstid i vidaregåande

Mellom elevane er det skilnadar i kor lang tid ein brukte på å fullføre vidaregåande med studiekompetanse, og det er interessant å sjå om dette kan ha noko å seie for kor raskt ein byrjar i høgare utdanning. Tabell 2.3 skil mellom dei som fullførte på normert tid (3 år) eller mindre, til og med dei som brukte 6 år og lengre på å fullføre.

Det er klart mest vanleg å fullføre på normert tid, noko som gjaldt ni av ti personar i populasjonen. Det var også nokre få som fullførte på mindre tid enn 3 år, og dei er slått saman med gruppa som fullførte på normert tid. Ytterlegare 7 prosent nytta fire år på å fullføre, og svært få trong meir tid enn dette. Desse talane samsvarar bra med gjennomføringsstatistikken. Hugs at tilnærminga i rapporten likevel ikkje er direkte samanliknbar med gjennomføringsstatistikken (sjå kapittel 1.2).

Blant dei som oftast fullfører vidaregåande på normert tid (3 år) finn vi kvinner, unge elevar, personar frå befolkninga elles og dei med foreldre som har høgare utdanning. Dei som var 20-21 år i 2018 er den gruppa som i minst grad fullførte på normert tid. Nærare sju av ti i aldersgruppa 22-24 år brukte 6 år eller meir på å fullføre vidaregåande med studiekompetanse, noko som samstemmer godt med alderen dei er i samt at oppstart i vidaregåande som oftast finner stad i det året ein fyller 16 år.

Tabell 2.3 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kor lang tid dei brukte på å fullføre VGO med studiekompetanse


	Fullføringstid i vidaregåande (prosent)			
	3 år eller mindre	4 år	5 år	6 år
I alt				
Tal	33 921	2 750	544	453
Prosent	90,1	7,3	1,4	1,2
Kjønn				
Menn	88,7	8,2	1,7	1,4
Kvinner	91,1	6,7	1,2	1,1
Aldersgruppe				
19 år og yngre	99,9	0,1	:	:
20-21 år	13,4	72,6	13,9	:
22-24 år	21,0	6,0	5,2	67,8
25 år og eldre	36,2	5,0	:	:
Innvandringskategori				
Befolkninga elles	90,3	7,2	1,4	1,2
Innvandrarar	84,8	10,8	2,5	2,0
Norskfødde med innvandrarforeldre	93,1	5,1	1,3	0,5
Utdanningsnivå hjå foreldra				
Lang høgare utdanning	93,8	4,9	0,8	0,5
Kort høgare utdanning	91,5	6,6	1,2	0,8
Vidaregåande utdanning	87,1	9,0	1,9	1,9
Grunnskule	82,2	11,4	3,3	3,1
Uoppgitt/Ukjent	82,2	13,1	2,4	2,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A2 for fullstendig tabell.

Figur 2.5 viser startår i høgare utdanning fordelt på kor lang tid ein brukte på å fullføre vidaregåande med studiekompetanse. Dei som brukte lengst tid på å oppnå studiekompetanse, har oftast direkte overgang, med heile 47 prosent. På same tid er denne gruppa også størst når det kjem til å ikkje byrje i høgare utdanning i det heile, med 22 prosent.

Blant elevane som fullførte på normert tid er det klart mest vanleg å ta seg minst eitt år i overgangen frå studiekompetanse til studentlivet, med 31 prosent som venta til 2019 og 16 prosent som venta til 2020 med å starte i høgare utdanning. Det ser altså ut til at dei som har nytta fleire år på å oppnå studiekompetanse er raskare i gang med høgare utdanning enn dei som har følgd eit normert løp i vidaregåande.

Figur 2.5 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kor lang tid dei brukte på å fullføre VGO samt startår i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)



Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A3 for talgrunnlag.

2.3. Byrja dei i yrkesfagleg eller studieførebuande utdanningsprogram?

Fleirtalet av dei som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 hadde byrja i eit studieførebuande utdanningsprogram i Vg1. Likevel er det slik at 21 prosent av populasjonen hadde byrja i eit yrkesfagleg utdanningsprogram på Vg1. Dersom desse valte å ta påbygg på Vg3, har dei også hatt moglegheit til å oppnå studiekompetanse på 3 år i vidaregåande opplæring, noko tre av fire i denne gruppa lukkast med. Medan i underkant av 6 prosent av dei som byrja i studieførebuande brukte meir enn normert tid på å oppnå studiekompetanse, var det vanlegare å nytte meir tid for dei som byrja i yrkesfagleg Vg1 (25 prosent). Dette kan moglegvis skuldast at ein har teke omval, eller avbrote læretida for å heller ta studieførebuande fag.

Det er markante skilnadar i foreldra sitt utdanningsnivå når vi samanliknar dei som byrja i studieførebuande og yrkesfagleg Vg1. Det er mest vanleg blant elevar i studieførebuande vidaregåande å ha foreldre med kort høgare utdanning, mens det vanlegaste for yrkesfagelevane er å ha foreldre med vidaregåande utdanning som sitt høgaste oppnådde utdanningsnivå. Medan 9 prosent av elevane i yrkesfag har foreldre med lang høgare utdanning, gjeld dette nærare ein av fire blant elevane på studieførebuande.

Tabell 2.4 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018¹, etter utdanningsprogram i Vg1 og personlege kjenneteikn

	Tal		Prosent	
	Studieførebuande	Yrkesfagleg	Studieførebuande	Yrkesfagleg
I alt	29 517	7 797	79,1	20,9
Kjønn				
Menn	12 500	3 166	42,3	40,6
Kvinner	17 017	4 631	57,7	59,4
Aldersgruppe				
19 år og yngre	27 442	5 682	93,0	72,9
20-21 år	1 936	1 664	6,6	21,3
22-24 år	101	389	0,3	5,0
25 år og eldre	38	62	0,1	0,8
Innvandringskategori²				
Befolkninga elles	26 008	6 960	88,1	89,3
Innvandrarak	1 822	586	6,2	7,5
Norskfødde med innvandrarakforeldre	1 687	251	5,7	3,2
Utdanningsnivå hjå foreldra				
Lang høgare utdanning	7 060	704	23,9	9,0
Kort høgare utdanning	13 006	2 841	44,1	36,4
Vidaregåande utdanning	8 001	3 549	27,1	45,5
Grunnskule	1 231	601	4,2	7,7
Uoppgitt/ukjend	219	102	0,7	1,3
Fullføring				
Normert tid	27 898	5 822	94,5	74,7
Normert tid + 1 år	1 413	1 270	4,8	16,3
Normert tid + 2 år eller lengre	206	705	0,7	9,0

¹ 354 personar er haldne utanfor tabellen grunna ukjent utdanningsprogram i Vg1

² 2 personar er haldne utanfor fordelinga på innvandringskategori grunna manglande opplysningar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

2.4. Er det felles kjenneteikn blant dei med sein overgang?

Det vanlegaste valet var å starte på høgare utdanning direkte etter vidaregåande, som ein ser at 39 prosent av populasjonen gjorde. I tillegg var det vanleg å bruke eit år på å byrje i høgare utdanning, noko 30 prosent av personane gjorde. Det vil seie at nesten 7 av 10 hadde ein rask overgang til høgare utdanning, altså anten direkte overgang eller at dei starta hausten 2019. Dersom vi definerer sein overgang som oppstart i høgare utdanning frå og med hausten 2021, gjeld dette 8 prosent av populasjonen, som i reine tal omfattar 3 126 personar. Dersom ein tel med dei som ikkje tok høgare utdanning, aukar talet til 5 940 personar.

Tabell 2.5 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter kor lang tid dei brukte på å byrje i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester)

	Tok ikkje høgare utdanning	Direkte overgang	1 år (2019)	2 år (2020)	3-4 år (2021-2022)	5-6 år (2023-2024)
I alt						
Tal	2 814	14 590	11 323	5 815	2 514	612
Prosent	7,5	38,7	30,1	15,4	6,7	1,6

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.6 viser overgangstid fordelt på fullføringstid i vidaregåande samt utdanningsprogram i Vg1. Når vi fordeler på desse kjenneteikna skil gruppa som ikkje tok høgare utdanning i perioden seg ut. Blant desse er det ein klart større del som nytta lengre tid enn normert tid på å fullføre vidaregåande med studiekompetanse, i tillegg til at delen som byrja i yrkesfagleg Vg1 er markant høgare, med 45 prosent. Blant dei som hadde direkte overgang til høgare utdanning er delen som starta i yrkesfagleg Vg1 nede i 20 prosent. Delen er enda lågare for dei som brukte eitt og to år på å byrje i høgare utdanning, med høvesvis 16 og 18 prosent som starta på eitt yrkesfagleg utdanningsprogram i Vg1.

Vi har tidlegare peikt på at personar med foreldre som har lang høgare utdanning, oftare ventar til 2019 eller 2020 med oppstart i høgare utdanning. Heile 93 prosent av dei som venta eitt år med oppstart i høgare utdanning hadde fullført på normert tid, og dette er også den gruppa som har størst del som byrja i studieførebuande Vg1. Blant personar som brukte to år på å byrje i høgare utdanning, er delen som fullførte på normert tid enda litt høgare og ligg på 94 prosent. Samstundes er det ein lågare del blant desse som byrja på studieførebuande Vg1, samanlikna med personane som venta berre eit år.

Tabell 2.6 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 etter kor lang tid dei brukte på å byrje i universitets- og høgskuleutdanning (haustsemester), fordelt på fullføringstid i VGO og utdanningsprogram i Vg1

	Tok ikkje høgare utdanning	Direkte overgang	1 år (2019)	2 år (2020)	3-4 år (2021-2022)	5-6 år (2023-2024)
I alt						
Tal	2 814	14 590	11 323	5 815	2 514	612
Prosent	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Fullføringstid						
Normert tid	77,7	88,9	93,0	93,9	89,6	85,0
Normert tid + 1 år	14,5	7,9	5,8	4,8	7,9	10,1
Normert tid + 2 år eller lengre	7,8	3,2	1,2	1,3	2,5	4,9
Utdanningsprogram i Vg1						
Studieførebuande	53,9	78,9	82,9	81,7	77,4	65,7
Yrkesfag	44,6	20,0	16,3	17,7	22,0	32,7
Ukjend	1,5	1,1	0,8	0,6	0,6	1,6

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A4 for fullstendig tabell.

3. Årleg kartlegging av aktivitetar

I dette kapitlet vil vi følgje dei som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 og sjå på kva aktivitetar dei var aktive i før oppstart i universitets- og høgskuleutdanning. Vi vil særleg vektlegge aktivitetar blant dei med lang overgangstid, som omfattar dei med oppstart i høgare utdanning frå og med hausten 2021.

Tabell 3.1 gir ei oversikt over kor mange personar vi følgjer i kvart år. Totalen vil minke for kvart år, då vi sluttar å følgje ein person så fort vedkommande har byrja i universitets- og høgskuleutdanning. Måletidspunkt for dei ulike aktivitetane er lista opp i tabell 1.1.

Kolonnen til høgre i tabellen viser kor mange personar vi følgjer kvart år, altså dei som enno ikkje har byrja i universitets- og høgskuleutdanning. Mengda minkar med talet på personar som starta i universitets- og høgskuleutdanning kvar haust. Det vil seie at når vi ser til hausten 2021 og dei som då har hatt minst tre år utan oppstart i høgare utdanning, er vi nede i 5 940 personar, som då vert fordelt mellom oppstart i høgare utdanning hausten 2021 (1 711 personar) og andre aktivitetar hausten 2021.

Tabell 3.1 Oversikt over delpopulasjon for kvart år i perioden 2018 til 2024

	Byrja i høgare utdanning		Utanfor universitets- og høgskuleutdanning	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	34 854	92,5	2 814	7,5
Perioden 2018-2024				
Årleg status				
Høsten 2018	14 590	38,7	23 078	61,3
Høsten 2019	11 323	49,1	11 755	50,9
Høsten 2020	5 815	49,5	5 940	50,5
Høsten 2021	1 711	28,8	4 229	71,2
Høsten 2022	803	19,0	3 426	81,0
Høsten 2023	370	10,8	3 056	89,2
Høsten 2024	242	7,9	2 814	92,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Lat oss først sjå på aktivitetar hausten 2018 blant dei som ikkje hadde direkte overgang til universitets- og høgskuleutdanning etter oppnådd studiekompetanse. Dette lar oss sjå kva som er mest vanleg å gjere etter oppnådd studiekompetanse, utanom det å byrje i høgare utdanning. Som vist i tabell 2.2 hadde 39 prosent direkte overgang frå vidaregåande til høgare utdanning. Det vil seie at 61 prosent gjorde noko anna enn å ta høgare utdanning hausten etter oppnådd studiekompetanse.

Tabell 3.2 viser aktivitetar blant dei som ikkje hadde direkte overgang til høgare utdanning hausten 2018. Tabellen er todelt, og viser både ei aktivitetsoversikt med fullteljing per aktivitet og ei aktivitetsoversikt med ein prioritert aktivitet per person.

I oversikta med prioritert aktivitet per person vil ein sjå lågare tal på sysselsette enn det som er reelt, då mange kan kombinere det å vere i anna utdanning samt privatisteksamen med betalt arbeid. Fullteljinga vil derimot vise reell sysselsettingsdel.

Viss ein først ser til fullteljinga av deltaking i dei ulike aktivitetane viser det oss at 14 prosent tok førstegongsteneste i militæret hausten etter oppnådd studiekompetanse. Litt over halvparten (55 prosent) var sysselsette hausten etter oppnådd studiekompetanse. 12 prosent vart rekna som NEET, altså at dei ikkje var i arbeid, utdanning eller på arbeidsmarknadstiltak. Nærare ein av fire var registrert i utdanning på vidaregåande eller høgare yrkesfagleg nivå.

Vidare i rapporten vil vi for det meste nytte oversikta over aktivitetar i prioritert rekkefølge, der ein person teljast berre ein gong. Ein kan sjå at det ikkje er altfor store skilnader mellom fullteljing og prioritert rekkefølge, særleg i dei første aktivitetane. Rekkefølga som aktivitetane er presenterte i, representerer også korleis aktivitetane er prioritert ovanfor kvarandre. Difor er delen som gjennomfører førstegongsteneste lik mellom dei to berekningane.

Det er særleg delen som var registrert i anna utdanning som minkar markant når vi ser til prioritert rekkefølge. Dette betyr at mange som er i førstegongsteneste, tek privatisteksamen, eller folkehøgskule samstundes er registrert i anna utdanning på vidaregåande nivå eller i høgare yrkesfagleg utdanning (fagskule). Delen som er sysselsette som hovudaktivitet hausten 2018 var på 42 prosent, og vi veit då at desse ikkje var i førstegongsteneste, tok privatisteksamen, folkehøgskule eller anna utdanning på same tid.

Tabell 3.2 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning hausten 2018, etter aktivitet

	Fullteljing per aktivitet ¹		Prioritert rekkefølge	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	23 078	100,0	23 078	100,0
Aktivitet hausten 2018				
Førstegongsteneste	3 324	14,4	3 324	14,4
Privatist	2 622	11,4	2 262	9,8
Folkehøgskule	3 900	16,9	3 780	16,4
I anna utdanning	5 483	23,8	1 434	6,2
Sysselsett	12 724	55,1	9 777	42,4
NEET	2 789	12,1	2 298	10,0
Anna/ukjent	203	0,9	203	0,9

¹ Samla sett er talet på observasjonar i fullteljinga av dei ulike aktivitetane på 34 333 aktivitetsobservasjonar. Merk likevel at prosentberekninga for fullteljing per aktivitet gjerast på dei 23 078 unike personane som ikkje hadde direkte overgang hausten 2018, dette for å vise kor stor del av desse som tok del i kvar av dei ulike aktivitetane.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

3.1. Er det skilnader i aktivitet hausten 2018 basert på kor lenge ein utset oppstart i høgare utdanning?

Tabell 3.3 viser aktivitet hausten 2018, fordelt på når ein byrja i høgare utdanning. Blant dei som starta i høgare utdanning etter 2018, var delen som var registrert i førstegongsteneste hausten etter oppnådd studiekompetanse omtrent lik, med 14-16 prosent. Det var ein noko større del som tok folkehøgskule blant dei som starta i høgare utdanning innan 1-2 år etter oppnådd studiekompetanse, samanlikna med dei som venta lengre med oppstart i høgare utdanning.

Delen som stod utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak (NEET) hausten 2018 var høgast blant dei som ikkje starta i høgare utdanning i det heile tatt i perioden. Delen NEETs var lågare blant dei med raskare oppstart i høgare utdanning etter oppnådd studiekompetanse. Vi finn også at nærare 13 prosent av dei som aldri starta i universitets- og høgskuleutdanning i perioden, tok anna utdanning hausten 2018. Dette gjeld for eksempel høgare yrkesfagleg utdanning, så for nokre betyr dette at dei har oppsøkt yrkesrelevant kompetanse som gjer universitets- og høgskuleutdanning unødvendig.

Tabell 3.3 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning hausten 2018, etter aktivitet¹ hausten 2018 og tidspunkt for framtidig oppstart i høgare utdanning

	Tok ikkje høgare utdanning	Direkte overgang	1 år (2019)	2 år (2020)	3-4 år (2021-2022)	5-6 år (2023-2024)
I alt						
Tal	2 814	14 590	11 323	5 815	2 514	612
Prosent	7,5	38,7	30,1	15,4	6,7	1,6
Aktivitet hausten 2018						
Førstegangsteneste	7,9	.	15,5	15,0	15,5	14,1
Privatist	6,2	.	11,1	9,8	8,4	8,8
Folkehøgskule	7,9	.	19,7	16,3	12,8	10,1
I anna utdanning	12,8	.	5,1	5,2	5,8	7,7
Sysselsett	45,8	.	39,6	44,8	45,2	43,6
NEET	16,6	.	8,6	8,4	11,5	13,6
Anna/ukjent	2,8	.	0,5	0,6	0,8	2,1
Byrja i høgare utdanning	.	100,0

¹ Aktivitetane er i prioritert rekkefølge, slik at ein person teljast berre ein gong.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B1 for fullstendig tabell.

3.2. Korleis ser aktivitetsvala ut når vi fordeler på kjenneteikn ved populasjonen?

Tabell 3.4 viser aktivitet hausten 2018 fordelt på personlege kjenneteikn. Ein større del av dei mannlege personane var registrert i førstegangsteneste hausten etter oppnådd studiekompetanse, med 21 prosent. Dette er heile 12 prosentpoeng meir enn for kvinner. Når ein først er innkalla til sesjon og blitt vurdert som godkjent for teneste i Forsvaret, kan ein uansett kjønn ikkje velje dette bort (Forsvaret, 2026).

Det var ein noko større del av kvinnene som var privatistar (2 prosentpoeng fleire) og tok folkehøgskule (7 prosentpoeng fleire) enn blant menn. Kvinnene utan direkte overgang til høgare utdanning var også oftare sysselsett hausten 2018, ein aktivitet som passar inn i det ein gjerne omtalar som eit friår. Menn var i noko mindre grad sysselsette som hovudaktivitet, men derimot noko overrepresenterte i NEET-kategorien, med i overkant av 11 prosent som stod heilt utanfor arbeid, utdanning eller anna opplæring. Eit viktig poeng her er at ein også kan ta eit friår og bruka det på eksempelvis reising eller andre aktivitetar som ikkje fanges opp i våre register. Denne gruppa får NEET-status i og med at dei er midlertidig utanfor dei aktuelle aktivitetane, sjølv om dei gjerne har ein planlagt utsett oppstart av høgare utdanning (Statistisk sentralbyrå, 2026c).

Delen som tok førstegangsteneste i militæret hausten 2018 var markant høgare blant befolkninga elles enn hjå innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Dette kan ha si forklaring i at det er restriksjonar i kven som er tillate å gjennomføre førstegangsteneste, for eksempel knytt til statsborgarskap for innvandrarar (Forsvaret, 2026). Medan 17 prosent av dei frå befolkninga elles brukte første år etter oppnådd studiekompetanse på ein folkehøgskule, var same del nede i 5 prosent for innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Meir enn to av ti innvandrarar var i NEET-kategorien hausten 2018. Det er også en høgare del med ukjent status blant innvandrarar, samanlikna med befolkninga elles. Ukjent status inneber at dei er registrert som busett i folkeregisteret, men ikkje i andre register som brukast i statistikken. Det kan skyldast naturlege bevegelsar mellom ulike aktivitetar, til dømes mellom avslutta utdanning og jobbsøking. For innvandrarar kan ein aktuell årsak også vere uregistrert utvandring (Statistisk sentralbyrå, 2026c).

Delen som var NEET hausten 2018 aukar også med lågare utdanningsnivå hjå foreldra. Det er også størst del som tok førstegangsteneste blant dei som hadde foreldre med lang høgare utdanning.

Tabell 3.4 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning hausten 2018, etter aktivitet¹ og kjenneteikn

	Anna/ ukjent	Førstegongs- teneste	I anna utdanning	Privatist	Folkehøgskule	Syssetsett	NEET
I alt	0,9	14,4	6,2	9,8	16,4	42,4	10,0
Kjønn							
Menn	1,0	21,0	6,0	8,8	12,5	39,3	11,4
Kvinner	0,8	9,1	6,4	10,6	19,5	44,8	8,8
Aldersgruppe							
19 år og yngre	0,7	15,1	9,2	17,2	5,8	26,6	9,3
20-21 år	1,8	10,2	14,4	10,7	8,8	21,9	14,9
22-24 år	3,0	:	16,7	:	15,8	18,6	21,4
25 år og eldre	12,5	:	21,6	:	14,8	15,1	17,0
Innvandringskategori							
Befolkninga elles	0,7	15,4	6,1	9,1	17,4	42,2	9,0
Innvandrarar	4,3	2,4	8,4	17,0	5,1	40,9	22,0
Norskfødde med innvandrarforeldre	1,5	3,6	5,3	17,9	5,0	49,3	17,5
Utdanningsnivå hjå foreldra							
Lang høgare utdanning	0,6	18,2	5,5	11,6	21,1	34,0	9,1
Kort høgare utdanning	0,7	15,6	6,1	9,3	18,0	41,4	8,9
Vidaregåande utdanning	1,0	11,6	6,7	8,9	12,4	48,4	11,0
Grunnskule	2,4	5,3	5,7	12,3	7,3	50,7	16,4
Uoppgitt, ukjent	7,0	2,5	12,7	14,6	3,8	38,2	21,0

¹ Aktivitetane er i prioritert rekkefølge, slik at ein person teljast berre ein gong.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B2 for fullstendig tabell.

3.3. Kva er dei vanlegaste aktivitetane kvar haust?

Til no har vi sett på aktivitetar hausten 2018. I det følgjande vil vi sjå til aktivitetar i fleire år etter oppnådd studiekompetanse. Som nemnt teljast ein person berre ein gong per år i oversikta over hovudaktivitetar, og for kvar haust ekskluderer vi dei som byrja i universitets- og høgskuleutdanning. Tabell 3.5 viser korleis populasjonen fordeler seg i hovudaktivitet kvar haust i perioden 2018-2024, der populasjonen minkar for kvar haust med dei som byrja i universitets- og høgskuleutdanning.

Delen som tok førstegongsteneste er høgast hausten 2018 og hausten 2019. Dette er å forvente, då oppstart i førstegongsteneste kan vere både på hausten og på nyåret. Gjennomføringa av førstegongsteneste kan også strekke seg frå ein standard på 1 år til nærare 2 år. Delen som er i førstegongsteneste fell drastisk frå hausten 2020, men sidan det er mogleg å utsette oppstart av førstegongsteneste med fleire år ser vi at det finnast nokre som gjer dette også i åra som følgjer.

Det er også interessant å sjå delen som er syssetsett som hovudaktivitet. Fram til og med hausten 2020 var under halvparten syssetsett som hovudaktivitet for kvar haust ein ikkje startar i universitets- og høgskuleutdanning. Frå og med hausten 2021 ser vi at delen aukar betrakteleg, og stig frå 55 prosent blant dei som ikkje byrja innan hausten 2021 til heile 80 prosent blant dei som ikkje hadde byrja i høgare utdanning innan hausten 2024. Tilknytninga til arbeidslivet over tid kan moglegvis vere med på minke motivasjon og behov for å ta høgare utdanning. Folkehøgskule er også klart mest populært i 2018 og 2019, og frå hausten 2020 er det svært få som vel dette.

Tabellen skil også på utdanningsprogram i Vg1, og det er nokre skilnader i årleg aktivitet mellom desse to gruppene. Delen som tok førstegongsteneste i åra etter oppnådd studiekompetanse er klart høgast blant dei som også byrja i studieførebuande Vg1, der heile 27 prosent var registrert i førstegongsteneste i 2019. Delen privatistar er også gjennomgåande høgare i denne gruppa. På den andre sida finn vi fleire av dei med yrkesfagleg Vg1 i anna utdanning, som mellom anna omfattar høgare yrkesfagleg utdanning.

Tabell 3.5 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning hausten 2018, etter aktivitet¹ og utdanningsprogram i Vg1

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
I alt (tal)	23 078	11 755	5 940	4 229	3 017	2 773	2 548
Aktivitet							
Førstegongsteneste	14,4	22,8	1,1	0,4			
Privatist ²	9,8	15,8	21,9	14,8	9,6	8,1	..
Folkehøgskule	16,4	5,4	1,7	0,6			
I anna utdanning	6,2	9,4	13,5	13,6			
Sysselsett	42,4	35,9	46,6	55,2	72,0	72,5	79,6
NEET	10,0	9,0	11,6	10,4	12,6	12,1	13,0
Anna/ukjent	0,9	1,8	3,5	5,0	5,8	7,3	7,4
Førstegongsteneste, folkehøgskule eller i anna utdanning (slått saman frå hausten 2022) ³					13,6	10,2	10,4
I alt (studieførebuande)	18 001	8 614	3 866	2 522	1 920	1 667	1 518
Aktivitet							
Førstegongsteneste	16,4	26,9	1,4	0,4	0,2	.	.
Privatist ²	10,2	17,2	26,9	18,2	10,8	8,6	..
Folkehøgskule	16,9	5,7	1,8	0,6	0,2	.	.
I anna utdanning	4,7	6,7	11,4	12,8	11,4	.	.
Sysselsett	42,4	34,0	45,3	53,7	62,0	64,4	71,7
NEET	8,7	7,9	10,0	9,5	10,3	10,8	11,1
Anna/ukjent	0,6	1,6	3,0	4,8	5,2	6,5	6,7
Førstegongsteneste, folkehøgskule eller i anna utdanning (slått saman frå hausten 2022) ³	9,7	10,5
I alt (yrkesfagleg)	4 885	3 038	2 006	1 648	1 454	1 341	1 254
Aktivitet							
Førstegongsteneste	7,1	11,7	0,6	0,5	5,3	.	.
Privatist ²	8,3	12,0	12,7	9,9	0,1	6,0	..
Folkehøgskule	14,7	4,5	1,6	0,8	12,3	.	.
I anna utdanning	11,9	17,0	17,8	15,1	65,6	.	.
Sysselsett	42,5	40,9	48,9	57,5	65,6	68,0	73,1
NEET	14,0	11,6	14,6	11,8	12,5	11,5	12,2
Anna/ukjent	1,5	2,2	3,8	4,4	4,1	5,7	6,1
Førstegongsteneste, folkehøgskule eller i anna utdanning (slått saman frå hausten 2022) ³	8,9	8,5

¹ Aktivitetane er i prioritert rekkefølge, slik at ein person teljast berre ein gong.

² Privatistinformasjon er enno ikkje tilgjengeleg for hausten 2024.

³ For hausten 2023 og hausten 2024 er folkehøgskule, førstegongsteneste og i anna utdanning slått saman grunna små tal.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B3 for fullstendig tabell.

3.4. Felles trekk ved dei med sein overgang til høgare utdanning

Vi har til no sett at det er skilnadar både i kjenneteikn og val av aktivitetar mellom dei som byrjar i høgare utdanning innan 2 år etter oppnådd studiekompetanse (hausten 2018, 2019 eller 2020), og dei som byrjar seinare enn dette.

Vidare vil vi sjå nøyare på dei med sein overgang, definert som at dei starta i høgare utdanning hausten 2021, 2022, 2023 eller 2024. Vi vil forsøke å følgje særtrekk og mønster blant dei som nytta fleire år på overgangen, men framleis samanlikne med dei som ikkje starta i høgare utdanning i perioden og dei som hadde tidlegare overgang, der det er nyttig.

Tabell 3.6 gir ei oversikt over kva for aktivitetar ein var registrert i per 2018, 2019 og 2020, blant dei som ikkje hadde byrja i høgare utdanning i løpet av desse åra. Tabellen omfattar altså dei 5 940

personane som byrja i høgare utdanning frå og med hausten 2021 (sein overgang) eller som aldri byrja i høgare utdanning i perioden.

Det er svært forskjellig kva personane med sein overgang gjorde og kva aktivitetar dei hadde som hovudaktivitet kvar haust. Tabell 3.6 illustrerer dette svært tydeleg, gjennom den store mengda kombinasjonar av aktivitetar ein kan observere blant dei som tidlegast starta i høgare utdanning i hausten 2021. Samla sett viser altså tabellen at det er stort mangfald i kva for hovudaktivitet personar med sein overgang hadde i åra etter oppnådd studiekompetanse. Nesten sju av ti har ein kombinasjon av hovudaktivitet som tabellen ikkje viser fram. Med sju hovudaktivitetar over tre måletidspunkt finnast det heile 343 moglege kombinasjonar.

Vi finn fem kombinasjonar som opptre oftare enn andre, og desse dekkjer mellom 31 og 35 prosent av populasjonen. Felles for desse er at dei omfattar kombinasjonar av sysselsetting, førstegongsteneste og privatisteksamen. Delen som var sysselsett på alle tre måletidspunkt var relativt høg, med ein av ti blant dei som starta i høgare utdanning hausten 2021. Delen var noko høgare blant dei som byrja i høgare utdanning seinare, og aller høgast blant dei som aldri byrja i høgare utdanning. Heile to av ti av desse var sysselsett dei tre påfølgande haustane etter oppnådd studiekompetanse. Dette utgjorde omtrent 550 personar av dei totalt 2 814 som aldri byrja i høgare utdanning. Vidare var det også vanleg å vere i førstegongsteneste, anten hausten 2018 eller 2019, og elles vere sysselsett.

Det var også ein del som var privatistar året før oppstart i høgare utdanning. Eit viktig poeng er at det kan vere ulike motivasjonar for å ta privatisteksamen. Nokon manglar fag og er førstegongsprivatistar, medan det òg finst forbetningsprivatistar. Sistnemnde gruppe prøver å få betre karakterar, til dømes fordi dei skal søke seg vidare til studium med karakterkrav eller høge poenggrenser (Keute & Steen-Johnsen, 2023). Delen som i 2018 og 2019 anten var sysselsette eller i førstegongsteneste, for så å vere privatist hausten 2020 var samla sett på 12 prosent blant dei som starta i høgare utdanning hausten 2021. Delen var nede i 8 prosent blant dei som byrja i høgare utdanning på eit seinare tidspunkt, og på berre 3 prosent blant dei som aldri byrja i høgare utdanning i måleperioden. Dette kan forklarast med at ein ikkje har incentiv til å ta privatisteksamen dersom ein ikkje har ein plan om å studere vidare.

Tabell 3.6 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning innan hausten 2020, etter kombinasjonar av aktivitetar hausten 2018, 2019 og 2020. Fordelt på om ein starta i høgare utdanning hausten 2021, seinare eller ikkje i det heile i løpet av måleperioden

	Byrja i høgare utdanning hausten 2021		
	Ja	Nei, byrja seinare	Nei, byrja aldri
I alt	28,8	23,8	47,4
Aktivitetar¹			
Andre kombinasjonar av aktivitetar	67,2	64,9	69,3
Sysselsett/sysselsett/sysselsett	10,0	12,0	19,5
Sysselsett/førstegongsteneste/sysselsett	6,6	8,2	4,6
Førstegongsteneste/sysselsett/sysselsett	4,1	6,7	3,7
Sysselsett/førstegongsteneste/privatist	7,5	4,6	1,0
Sysselsett/sysselsett/privatist	4,7	3,5	1,9

¹ Aktivitetar per hausten 2018/2019/2020 er presentert slik: aktivitet 2018/aktivitet 2019/aktivitet 2020.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B4 for fullstendig tabell.

Omfanget av kombinasjonar av aktivitetar gjer at vi ikkje gjentek samanstillinga for dei som byrja i høgare utdanning i dei konkrete åra 2022, 2023 og 2024. Desse er samla i kategorien 'byrja seinare' i tabell 3.6. Det vi derimot kan sjå nærare på, er kva for hovudaktivitet ein var registrert i året før ein starta i høgare utdanning, særleg blant dei med sein overgang (tabell 3.7).

For dei som starta i høgare utdanning i 2021, var dei per hausten 2020 i stor grad anten privatist eller sysselsett. Dette gjaldt nærare åtte av ti. Ser vi på dei med seinare overgang til høgare

utdanning, minkar delen som var privatist året før oppstart, samstundes som delen som var sysselsett auka. Jo seinare overgang ein har til høgare utdanning, jo mindre vanleg er det altså å vere privatist året før oppstart. Blant dei som byrja i høgare utdanning hausten 2024, finn vi at 20 prosent var privatist hausten 2023 og heile 62 prosent var sysselsette. Merk at dette omfattar den enkelte sin hovudaktivitet, i prioritert rekkefølge.

Tabell 3.7 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning innan hausten 2020, etter aktivitet¹ hausten før oppstart i universitets- og høgskuleutdanning

	Byrja i høgare utdanning			
	Hausten 2021	Hausten 2022	Hausten 2023	Hausten 2024
I alt	1 711	803	370	242
Aktivitet hausten før oppstart i høgare utdanning (t-1)				
Førstegongsteneste	1,8	0,7	:	.
Privatist	38,2	33,7	19,5	20,2
Folkehøgskule	3,5	1,2	:	.
I anna utdanning	7,6	7,6	8,6	5,4
Sysselsett	39,7	48,4	61,1	62,0
NEET	8,3	6,5	8,1	8,7
Anna/ukjent	0,9	1,7	1,6	3,7

¹ Aktivitetane er i prioritert rekkefølge, slik at ein person teljast berre ein gong.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B5 for fullstendig tabell.

Tabell 3.8 liknar på førre tabell, men viser ei fullteljing per aktivitet hausten før oppstart i høgare utdanning. Delen privatistar held seg nokolunde lik som når vi ser på prioritert aktivitet, mykje grunna at kategorien er høgt oppe på prioriteringslista for hovudaktivitet. Tala for sysselsette viser at meir enn åtte av ti var sysselsette året før oppstart i høgare utdanning i 2022, 2023 og 2024. Dette viser at personar med sein overgang til høgare utdanning i stor grad har betalt arbeid året før oppstart.

Tabell 3.8 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som ikkje byrja i høgare utdanning innan hausten 2020, etter fullteljing av aktivitetar hausten før oppstart i universitets- og høgskuleutdanning

	Aktivitet hausten før oppstart i høgare utdanning			
	Hausten 2021	Hausten 2022	Hausten 2023	Hausten 2024
I alt	1 711	803	370	242
Fullteljing av aktivitetar hausten før oppstart i høgare utdanning (t-1)				
Førstegongsteneste	1,8	0,7	:	.
Privatist	38,4	34,1	19,7	20,2
Folkehøgskule	3,9	1,2	:	.
I anna utdanning	12,7	10,8	11,1	8,3
Sysselsett	74,5	82,2	84,1	83,5
NEET	16,3	11,8	10,8	10,7
Anna/ukjent	2,5	3,7	3,5	3,7

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell B6 for fullstendig tabell.

4. Søkemønster blant dei med sein oppstart i universitets- og høgskuleutdanning

Data frå Samordna opptak og lokale opptak kan avsløre søkemønster blant dei med sein overgang, og vi vil i dette kapitlet undersøke kor mange av dei med sein overgang som har søkt seg til høgare utdanning i åra etter oppnådd studiekompetanse. Kan noko av forklaringa på kvifor ein ventar lenge med oppstart i høgare utdanning ligge her? Har dei som søker fått tilbod om plass, eller har dei ikkje vore kvalifiserte?

Søker dei med sein oppstart seg inn på høgare utdanning?

Tabell 4.1 viser om dei med sein eller ingen oppstart i høgare utdanning hadde søkt om opptak for kvart år ein ikkje starta i høgare utdanning i perioden 2021-2024. Tabellen viser at det store fleirtalet ikkje søkte seg inn på høgare utdanning, og denne delen aukar for kvart år vi ser på. Resultata fortel oss at 72 prosent av dei som ikkje hadde byrja i høgare utdanning innan hausten 2021 heller ikkje søkte seg inn på høgare utdanning i 2021. Delen som ikkje søkte seg til høgare utdanning auka til rett over 92 prosent av dei som innan hausten 2024 framleis ikkje hadde byrja i høgare utdanning. Dette kan tyde på at mange av dei med sein overgang ikkje hadde intensjon om å studere i enkeltåra vi ser på, og vi undersøker dette nærare i tabell 4.2.

Tabell 4.1 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 med sein eller ingen overgang til høgare utdanning, etter søknad om opptak til høgare utdanning i perioden 2021-2024

	I alt	Sendte søknad om opptak til høgare utdanning same år	
		Ja	Nei
Byrja ikkje i høgare utdanning hausten 2021	4 229	28,3	71,7
Byrja ikkje i høgare utdanning hausten 2022	3 426	15,9	84,1
Byrja ikkje i høgare utdanning hausten 2023	3 056	11,0	89,0
Byrja ikkje i høgare utdanning hausten 2024 (byrja ikkje i heile perioden)	2 814	7,7	92,3

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C1 for fullstendig tabell.

Tabell 4.2 viser om personar som byrja i høgare utdanning etter fleire år med opphald har historikk med å søke om opptak tidlegare (her: året før oppstart i høgare utdanning). Vi ser altså på dei med sein overgang, men som byrja i høgare utdanning i perioden 2021-2024. Blant dei som byrja i høgare utdanning hausten 2021 eller 2022 ser vi at over seks av ti også hadde søkt seg inn på høgare utdanning året før dei starta. Det kan vere mange grunnar til at dei ikkje starta i høgare utdanning året før, eksempelvis at ein ikkje var kvalifisert søkar, at ein hadde for låge karakterar eller at ein takka nei til tilbod om opptak. Men vi ser altså overordna at dei som etter kvart byrjar i høgare utdanning, ofte har søkt seg til høgare utdanning tidlegare også.

Tabell 4.2 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, og som byrja i høgare utdanning etter hausten 2020, etter søknad om opptak til høgare utdanning året før oppstart i høgare utdanning

	I alt	Søknad om opptak året før oppstart i høgare utdanning	
		Ja	Nei
Byrja i høgare utdanning i 2021	1 711	66,8	33,2
Byrja i høgare utdanning i 2022	803	62,4	37,6
Byrja i høgare utdanning i 2023	370	47,6	52,4
Byrja i høgare utdanning i 2024	242	40,9	59,1

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C2 for fullstendig tabell.

I det følgjande vil vi sjå nærare på detaljar i søkarframferd både blant dei som aldri byrja i høgare utdanning (kapittel 4.1) og dei som hadde sein overgang til høgare utdanning (kapittel 4.2). Vi samanliknar også søkarframferd mellom dei som starta i høgare utdanning og ikkje (kapittel 4.3).

4.1. Søkarframferd i åra ein ikkje byrja i høgare utdanning

I dette delkapittelet vil vi fokusere på dei som hadde sein eller ingen overgang til høgare utdanning, og sjå på deira søkarframferd i åra dei framleis ikkje hadde byrja i høgare utdanning. Dette utgjør det same datagrunnlaget som vert presentert i tabell 4.1. Målet er å sjå om desse personane faktisk søkte seg inn på høgare utdanning, og korleis dette fortøna seg i lys av prioriteringsrekkefølge, kvalifiserte søkarar, kva dei svarte på søknaden med meir. For samanlikningsformål presenterer vi også tal på søkarframferd i åra 2018-2020.

Tabell 4.3 viser utfallet av søknaden hjå dei som søkte seg inn på høgare utdanning, utan å byrje det året. Vi kan starte med å sjå på dei som ikkje hadde byrja innan hausten 2021, då desse personane er rekna som å ha sein eller ingen overgang til høgare utdanning etter oppnådd studiekompetanse. Tabellen viser at det var totalt 1 196 personar som søkte seg til høgare utdanning utan å byrje hausten 2021, av totalt 4 229 som ikkje hadde starta i høgare utdanning innan hausten 2021. Av dei som søkte stod nærare halvparten utan tilbod om opptak, med 44 prosent. Tilnærma like mange takka nei når dei fekk tilbod om opptak. Omtrent ein av ti takka ja til tilbod om opptak, men var likevel ikkje student per 1. oktober same år. Det er elles ikkje store variasjonar når vi ser på dei følgjande åra, det mest betydelege er at talet på søkarar til høgare utdanning minkar kraftig kvart år.

Ser vi til dei som søkte om opptak men ikkje byrja i løpet av dei første åra etter oppnådd studiekompetanse, er biletet noko anna. Berre ein av fire fekk ikkje tilbod om opptak, og ein kan då seie at resten sjølv valte bort ein oppstart i høgare utdanning i det aktuelle året.

Tabell 4.3 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter søknad og tilbod om opptak til høgare utdanning blant dei som ikkje byrja i høgare utdanning kvart år i perioden 2018-2024

	Tilbod om opptak, takka ja, ikkje student		Tilbod om opptak, takka nei	Fekk ikkje tilbod om opptak
	I alt	per 1. oktober		
Byrja ikkje hausten 2018	11 821	20,1	55,3	24,6
Byrja ikkje hausten 2019	5 198	19,4	55,7	24,9
Byrja ikkje hausten 2020	2 392	12,7	53,1	34,2
Byrja ikkje hausten 2021	1 196	11,0	44,7	44,2
Byrja ikkje hausten 2022	545	10,6	52,8	36,5
Byrja ikkje hausten 2023	336	13,4	46,4	40,2
Byrja ikkje hausten 2024	217	13,8	50,2	35,9

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C3 for fullstendig tabell.

Nærare to av ti var ikkje kvalifiserte søkarar

Det er heller ikkje slik at alle som søker seg til høgare utdanning er rekna for å vere kvalifiserte søkarar, for eksempel ved at dei ikkje har komplett vitnemål eller innfrir andre krav til utdanningane dei søker seg inn på. Tabell 4.4 viser kor mange av søkarane til høgare utdanning som vart vurderte til å vere kvalifiserte søkarar, altså at dei innfridde opptakskrav for å kunne få søknaden vurdert. Delen kvalifiserte søkarar varierer noko over tid, men i sum kan ein seie at vel åtte av ti søkarar med sein overgang vart rekna som kvalifiserte søkarar i det aktuelle søkaråret. I lys av tabell 4.3 kan ein då sjå at delen som ikkje fekk tilbod om opptak er større enn delen som er rekna som ikkje kvalifiserte, som tilseier at en del av dei utan tilbod om opptak ikkje nådde opp i søkarbunken grunna karaktersnitt på utdanningane dei har søkt seg inn på.

Personar som søkte seg inn på høgare utdanning utan å byrje i åra 2018-2020 var oftare kvalifiserte enn dei som hadde seinare eller ingen overgang til høgare utdanning. Blant dei var omkring ni av ti rekne som kvalifiserte søkarar.

Tabell 4.4 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017, etter vurdering av søkaren som kvalifisert eller ikkje blant dei som ikkje byrja i høgare utdanning kvart år i perioden 2018-2024

Søkte seg inn på høgare utdanning same år	I alt	Kvalifisert søker	Ikkje kvalifisert søker
Byrja ikkje hausten 2018	11 821	92,1	7,9
Byrja ikkje hausten 2019	5 198	89,1	10,9
Byrja ikkje hausten 2020	2 392	87,4	12,6
Byrja ikkje hausten 2021	1 196	82,1	17,9
Byrja ikkje hausten 2022	545	82,6	17,4
Byrja ikkje hausten 2023	336	77,4	22,6
Byrja ikkje hausten 2024	217	80,6	19,4

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C4 for fullstendig tabell.

Mange med tilbod om opptak på ei høgt prioritert utdanning

Tabell 4.5 viser at det er skilnadar i kva for søknad ein fekk tilbod om opptak på, altså kor søknaden låg i prioriteringsrekkefølga til den enkelte. I det samordna opptaket kan den enkelte sende inn 10 søknadar i prioritert rekkefølge. I det lokale opptaket vil ein prioritere søknadar per lærestad, og kan difor ha fleire søknadar med førsteprioritet. I datasettet har vi berre beholdt ein søknad per person, og har prioritert den søknaden vedkommande kom lengst i opptaket med. Dersom ein har fått tilbod om opptak og eventuelt takka ja til fleire tilbod, beholdt vi søknaden med tilbod om opptak frå det samordna opptaket og ser bort frå lokale opptak. Merk difor også at delen som fekk tilbod om opptak på førsteprioritet er høgare enn dersom vi berre hadde sett på det samordna opptaket åleine.

Blant dei som ikkje byrja i høgare utdanning hausten 2021 og som fekk tilbod om opptak til høgare utdanning dette året, fekk 37 prosent tilbod om plass på studiet som låg på 1. plass. Denne delen auka for kvar årgang vi ser på etter dette, og var mykje høgare for dei som søkte og ikkje byrja frå og med 2022 og vidare. Dette viser oss at tilbod om opptak på ein høgt prioritert søknad ikkje nødvendigvis fører til at ein takkar ja. Ein mogleg grunn til at delen som får tilbod om studieplass på ein høgt prioritert studieplass aukar årleg, kan vere at ein oppnår alderspoeng eller andre poeng over tid, for eksempel ved å ta folkehøgskule, førstegongsteneste eller språk- og realfagspoeng gjennom privatisteksamen.

Delen som starta i høgare utdanning gjennom restopptaket, altså tilgjengeleggjorde ledige studieplassar etter hovudopptaket i juli, auka noko blant dei som søkte i 2023 og 2024. Hugs at vi her berre ser til dei som ikkje starta i høgare utdanning kvart år. Samla sett fekk svært mange tilbod om opptak på eit studium på første til tredje prioritet, sjølv om desse altså ikkje starta i høgare utdanning samstundes som dei fekk tilbod om studieplass på ei utdanning høgt oppe på prioriteringslista.

Blant dei som søkte om opptak utan å byrje i perioden 2018-2020 finn vi også at mange fekk tilbod om opptak til ein høgt prioritert studieplass.

Tabell 4.5 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018, etter prioritering av søknad med tilbod om opptak til høgare utdanning same år

Prioritet på søknad med tilbod om opptak	Byrja ikkje hausten 2018	Byrja ikkje hausten 2019	Byrja ikkje hausten 2020	Byrja ikkje hausten 2021	Byrja ikkje hausten 2022	Byrja ikkje hausten 2023	Byrja ikkje hausten 2024
I alt (tal)	8 913	3 905	1 574	667	346	201	139
1	41,8	43,9	36,0	36,9	48,6	51,7	56,1
2	20,6	18,1	16,3	18,3	19,7	16,9	15,8
3	12,2	12,2	12,1	11,4	9,8	10,4	5,8
4	7,9	7,6	9,0	8,8	6,6	5,5	6,5
5,6	9,4	9,9	12,6	12,0	9,0	8,0	3,6
7, 8, 9,10	6,3	6,4	11,3	10,9	3,5	3,5	6,5
Restopptak ¹	1,7	2,0	2,7	1,6	2,9	4,0	5,8

¹ Med restopptak meiner vi dei som har søkt på tilgjengelege ledige studieplassar etter hovudopptaket er publisert i juli kvart år.

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C5 for fullstendig tabell.

4.2. Søkarframferd i åra før sein oppstart i høgare utdanning

I dette delkapittelet vil vi fokusere på både dei som hadde rask og sein overgang til høgare utdanning, og sjå på deira søkarframferd året før dei faktisk byrja i høgare utdanning. Er det slik at mange har søkt seg til høgare utdanning i åra før oppstart? Dette utgjer det same datagrunnlaget som vert presentert i tabell 4.2, men no også inkludert åra 2019 og 2020. Målet er å sjå om desse personane faktisk søkte seg inn på høgare utdanning, og korleis dette fortona seg i lys av prioriteringsrekkefølge, kvalifiserte søkarar, kva dei svarte på søknaden med meir.

Tabell 4.6 viser utfallet av søknaden til høgare utdanning blant dei som søkte seg inn året før dei faktisk byrja i høgare utdanning for første gong. Desse har altså søkt seg inn på eit eller fleire studium eit år tidlegare. Blant dei med raskare overgang, det vil seie dei som byrja hausten 2019 og 2020, finn vi at åtte av ti fekk tilbod om opptak.

Blant dei med sein overgang, definert som oppstart frå og med hausten 2021, finn vi at rundt halvparten takka nei til tilbod om opptak, som vil seie at dei kvalifiserte for opptak og like gjerne kunne ha byrja å studere året før. Omtrent ein av seks med sein overgang gjekk enda lengre, og takka ja til eit tilbod om opptak året før – men hadde innan 1. oktober ingen studentstatus. Mellom 30 og 38 prosent fekk ikkje tilbod om opptak i det heile, sjølv om dei året etterpå byrja å studere. Det er altså ein klart større del blant dei med sein overgang som ikkje fekk tilbod om opptak året før dei faktisk byrja å studere, samanlikna med dei med rask overgang.

Tabell 4.6 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 som søkte om opptak året før dei byrja i høgare utdanning, etter tilbod om opptak til høgare utdanning året før

	I alt	Tilbod om opptak, takka ja, ikkje student per 1. oktober	Tilbod om opptak, takka nei	Fekk ikkje tilbod om opptak
Byrja i høgare utdanning i 2019	7 024	22,4	57,6	20,0
Byrja i høgare utdanning i 2020	3 292	23,0	57,4	19,6
Byrja i høgare utdanning i 2021	1 143	16,4	53,3	30,3
Byrja i høgare utdanning i 2022	501	12,8	49,7	37,5
Byrja i høgare utdanning i 2023	176	18,2	50,0	31,8
Byrja i høgare utdanning i 2024	99	16,2	53,5	30,3

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C6 for fullstendig tabell.

Tabell 4.7 viser prioritet på søknaden der ein fekk tilbod om opptak, blant dei som byrja i høgare utdanning året etterpå. Merk at ingen av søknadane som vert presentert i tabellen førte til at dei byrja å studere i det gitte året, samlege byrja å studere året etterpå. Det syner seg eit interessant mønster der delen som fekk tilbod om opptak på sin første prioritet er klart lågare blant dei med oppstart i 2021 og 2022, der ein av tre fekk plass på førsteprioritet året før oppstart.

Tabell 4.7 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 og som søkte om opptak året før dei byrja i høgare utdanning, etter prioritet på søknad om opptak til høgare utdanning året før

Prioritet på søknad med tilbod om opptak (året før oppstart)	Byrja i høgare utdanning i 2019	Byrja i høgare utdanning i 2020	Byrja i høgare utdanning i 2021	Byrja i høgare utdanning i 2022	Byrja i høgare utdanning i 2023	Byrja i høgare utdanning i 2024
I alt (tal)	5 618	2 647	797	313	120	69
1	43,7	45,4	35,1	33,5	50,8	47,8
2	21,3	18,3	14,6	19,5	20,8	14,5
3	11,9	11,6	13,0	12,1	10,8	13,0
4	7,4	7,4	10,0	9,3	3,3	7,2
5	5,3	5,5	8,2	5,4	3,3	5,8
6,7,8,9,10	8,6	10,0	16,3	18,8	7,5	4,3
Restopptak ¹	1,8	1,7	2,8	1,3	3,3	7,2

¹ Med restopptak meiner vi dei som har søkt på tilgjengelege ledige studieplassar etter hovudopptaket er publisert i juli kvart år.

Kjelde: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell C7 for fullstendig tabell.

Det er også interessant å sjå på privatiststatus hjå dei som søkte om opptak til høgare utdanning året før dei starta for første gong. Blant dei med kortare overgang frå oppnådd studiekompetanse til oppstart i høgare utdanning, finn vi at privatistdelen året før oppstart i høgare utdanning var markant lågare enn for dei med seinare overgang. Dette kan truleg skuldast at mange har nytta overgangstida i førstegongsteneste, som sysselsett eller på folkehøgskule.

Høgast del som var privatistar året før oppstart i høgare utdanning finn vi blant dei som starta i høgare utdanning hausten 2021, med 44 prosent. Delen som var privatistar året før oppstart i høgare utdanning minkar gradvis for kvar årgang blant dei med sein overgang også. Det ser altså ut til at det er mest vanleg å ta privatisteksamen blant dei som venta i 3 til 4 år med overgangen frå oppnådd studiekompetanse til høgare utdanning.

Tabell 4.8 Personar som oppnådde studiekompetanse i skuleåret 2017/2018 med sein overgang til høgare utdanning, etter søknad om opptak til høgare utdanning og privatiststatus året før

